



Kurs i kjøttkakeleging i Rauløo i Rosendal.

**Møteplass for integrering som nyleg vart skipa som undergruppe under Kvinnherad Røde Kors, er eit flott tiltak. Den skal arbeida for lettare kontakt mellom dei som flyttar til kommunen og dei som allereie bur her. Dei har til no avvikla fleire samlingar, og no er dei klar for ei ny, heilt spesiell samling: kurs i kjøttkakeleging.**

Kjøttkakelegingskurset vert i Rauløo i Rosendal onsdag 27.april, og det startar kl.17. Kurset er ope for alle, og det kom i stand etter ønske frå innvandrarar på siste samlinga i Møteplassen.

- Vi lærer å laga kjøttkaker med tilbehøyr. Her har vi 30 plassar, og ber om påmeldingar innan førstkomande onsdag, den 20. april til telefonnummer 400 41 466 eller i min innboks(Elisabeth Berg Hass) her på Facebook. Kurset kostar 30 kroner per person, og vi skal sjølvstekt eta dei gode kjøttkakene etterpå. Meld dykk på til det er fullt, folkens! Og flott viss de som har bekjente de meiner bør vera med på kurset, formidlar dette til desse, står det mellom anna å lesa i invitasjonen.

I tillegg til dei vanlege samlingane har dei tidlegare også hatt svært vellukka samling der trafikkunnskap og trafikkultur var tema. Det vert fulgt opp vidare på grunn av god interesse. Interesserte einskildpersonar og grupper tar initiativ til slike samlingar. Det er flott integreringsarbeid!

De finn heile invitasjonen på facebookside **Møteplass for integrering: Kvinnherad Røde Kors**. Det er ei side som stadig vil verta oppdatert med gode tiltak som er av stor interesse for alle, uansett nasjonalitet. Det er eit supert tiltak Vigdis Gammelsæther og Elisabeth Berg Hass har tatt initiativet til. Di fleire som engasjerer seg, di meir vellukka vert det. Berre i Uskedalen har vi innbyggjarar frå godt over 10 nasjonalitetar!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland